



Sak nr 2/2013

Møtedato: 13.2.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 351.8

Felles jaktkort for smårovdyr i Vestre Slidre kommune

I samband med at fjellstyret freda rypa i 2012, foreslo jeger- og fiskarlaget at det var oppretta ei gruppe som skulle sjå nærare jakt på smårovdyr. Gruppa er samansett av 3 frå jeger- og fiskarlaget og 2 frå fjellstyret.

Gruppa forslår at det blir oppretta eit felles jaktkort for smårovdyr i Vestre Slidre kommune. Fleire av smårovdyra beveger seg mellom bygd og fjell, og større jaktområde vil gi meir effektiv jakt. Det vil derfor være en stor fordel om jegerane kan jakte over heile kommunen. Eit auka uttak av smårovdyr kan gi eit positivt utslag for småviltbestanden, samstundes som det er ei utfordrande og interessant jakt i seg sjølv.

Det blir sendt ut brev til alle grunneigarlaga om eit felles jaktkort. Det er tidlegare organisert gaupejakt på ein tilsvarande måte, der grunneigarlaga har stilt jaktretten vederlagsfritt tilgjengeleg. Rovdyrgruppa ynskjer å få rett til å skrive ut jaktkort på følgjande artar: raudrev, grevling, mår, mink, røyskatt, mårhund, kråke, ravn, skjære, nøtteskrike, gråmåke og svartbak. Jakta blir avgrensa til generell jakttid på kvar enkelt art. Gruppa ynskjer at jaktkorta skal vera gratis for jegeren.

Fjellstyret har frå før jaktkort på smårovdyr på kr 50. Dette blir selt på butikkar og inatur.no. Det er ikkje mulig å "selja" gratis kort via inatur.no.

Det er ikkje skissert kven som skal ta kostnaden for organisering av jakta. Fjellstyret og kommunen dekkar frå før inntil kr 10.000 kvar til skotpremie for smårovdyr. Jeger- og fiskarlaget vil bidra ved å premiere for mest felt vilt og trekning blant alle som har levert fangstrappert.

Vedtak:

Fjellstyret ser svært positivt eit felles jaktkort for kommunen og vedtek å gå inn i ordninga om det blir gjennomført eit felles jaktkort. Eige jaktkort for smårovdyr i allmenningen vil bli avslutta når felles jaktkortordning er ein realitet.

Vedtaket er einstemmig.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.2.13

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag
Rovdyrgruppe